

2 Egne verk
2c Andre opptak
Logg

Logg Bånd 82 og 83

Konsert med komposisjonar av
PAUL OKKENHAUG
Orgel: **Sigmund Jarle Stai**



23. juli 1977 i Sakshaug kyrkje

Arr.: Stiklestadnemnda i samarbeid med Rikskonsertane

Asbjørn Hernes:

NOKRE ORD FØR KONSERTEN

Kva gjekk Paul Okkenhaug og kjende på, når tonane vakna i hugen hans? Kva var hans sinn samla om, når musikken levna og vart til?

Det kan vera ein musikalsk tanke som kom ut frå spenninga mellom to tonar som kvintintervallet E - H, og voks ut i lovstreng fugeform.

Men vår næraste og fremste hjelp finn vi i tekstene han sette i musikk. Han som kunne drysse tonar frå seg, skreiv aldri ein note til ord som ikkje greip han. Med eit vake øyre, eit lydande sind, merkar vi ofte **kva** det var i teksta som greip honom. Slik kan han kaste lys over noko i teksta vi ikkje hadde lagt merke til, noko som ikkje sjeldan var hovudsaka. Det kan vera ei melodivending, ein modulasjon (som t.d. slutten av «Eg veit ei lita jente») eller ein harmonisk nyanse som passerer grensa til det sublime.

Ein skulle ta seg tid til å fylgje nøye tekstene, med ein lyder. Somme ting er vesentlege for han:

Paul Okkenhaugs tonekunst har djupe røter i gard og grend, i Frol, i Innherad: Natura vi lever i og nærer oss av. Mesteparten av dette ligg utom kveldens program, men Inntrønderungdomen har ansvar for at det får livsrom. Ættene som har gått bort eller no går bort, har varveitsla ein rik musikkultur i desse bygdene.

Levande historie er Jamtskreia som drog til Levangsmarknaden, men og striden på Stiklestad. Programatisk er musikken til Sivle: «Du gamle saga som støtt er ny og frisk som ein jonsokleik». Olavsspelet på Stiklestad høyrer vårt lands festår til og samlar i ein dramatisk knute, det Hovden finn liturgiske ord for: «Heilag, heilag er feders jord!»

Det er meir enn vakre tonar Paul Okkenhaug har lagt til her, det er eit kultursyn med djupe røter i vår folkelagnad uttrykt i musikk.

Folketonane er einfelde vitnemål om at Kingo og Brorsons tekster var åndeleg næring for vanlege menneske gjennom hundreåra. Vi veit dei ikkje var lette å skjøna i si danske språkform, men det var **ikkje** mager kost.

Blix fører den heilage skrift inn i Nordlands vinterstormar og midnattsol. Paul Okkenhaug har teki nokre Blix-salmar ut av tilsnøra reformasjonskoral og gitt dei ny tonebunad. Her er vi heime!

Legender er forteljingar om fromme kvinner og menn til oppbyggjingslesnad for dei som gjekk alvors veg og øvde seg på å **imitere** Jesu Kristi liv. Kva komponisten her konkret har tenkt på, er meir enn eg veit, men samlar vi oss om vår barndoms vakraste historier, er vi knapt nok langt borte.

Om «Bethesda søjlerne» fortalte domprost Aastrup meg at kjernen i forteljinga og salmen hadde han funni i ein gresk-ortodoks liturgi. «Eg har ikkje noko menneske for meg», seier stakaren og får Jesu svar: «For deg er eg blitt menneske». Paul Okkenhaugs tone har vekt stor glede i danske kyrkjesongkrinsar.

Ei truedkjening har Paul Okkenhaug sett i partitur: Dialogen mellom Brorsons salmevers «Som natten aldrig er så sort, den jo for solen svinder» med tone frå Setesdal, og mot-melodien Paul Okkenhaug sett inn i akkompagnementet utan tekst. Det er Blix «No koma Guds englar med helsing i sky» der Blix tar fram profetorda om Frelsaren som skulle koma og no er komen. Meir vart og vakkert kan knapt ei truedkjening berast fram.

Gjennom mange år stod han i kyrkje-teneste.

- | | |
|---|--|
| 1. Intrada Festivo | Waldhorn: Turid Grøtting
Husmoen
Trompet: Kjell Jønnum
Orgel |
| 2. Morgon
Bethesdasøilene | Tekst: E. Blix
Tekst: K.L. Astrup
Sopran: Bentine Holm
Recitator: Ståle Bjørnhaug
Baryton: Harald Bjørkøy
Orgel |
| Kveld | Tekst: E. Blix
Levanger, Sakshaug og
Stiklestad kyrkjekor
Dirigent: Erling Fossum |
| 3. Legende | Cello: Arne Hegdahl
Orgel |
| 4. No kimer alle klokkun
Til min Gyldenlakk
Dagen kverv | Tekst: A. Krog Halse
Tekst: H. Wergeland
Tekst: O. Gullvåg
Solist: Bentine Holm
Orgel |
| 5. Fuge for orgel over initialene E — H | (fullført av domorganist
Ludvig Nielsen) |
| 6. Hos Gud er idel glede

Kjærlighet fra Gud
Der går et stille tog
Løft op ditt hoved

Septemberkveld | Tekst: J.N. Brun
Folketone frå Selbu
Tekst: J.N.L. Schørring
Tekst: B. Bjørnson
Tekst: Grundtvig
Folketone e. Ole Olsen Stordal
Tekst: Haldis Moren
Kor 77. Dirigent og solist
Harald Bjørkøy
Orgel |
| 7. Adagio «Veni Creator» | Tekst: Kingo
Folketone frå Verdal |
| 8. Vågn op og slå på dine strenge

Jeg går i fare hvor jeg går

Heilag er feders jord | Tekst: Brorson
Folketone frå Verdalen
Tekst: A. Hovden
Solist: Harald Bjørkøy
Orgel |
| 9. Soga | Tekst: P. Sivle
Festspelkor og orkester
frå Stiklestad
Dirigent: Einar Krokstad |

10. Til sonen min

Tekst: Aa. O. Vinje
Solist: Ståle Bjørnhaug
Orgel

11. Kveldskvadet

Olsok

Tekst: O. Gullvåg
Solist: Ståle Bjørnhaug
Tekst: O. Gullvåg
Solist: Bentine Holm
Alle kor m/orkester
Dirigent: Einar Krokstad

BETHESDASØJLERNE

Bethseda-søjlernes buegange,
med tætte rader af sygesenge,
hvor stakler venter på engelen, venter
på vandets oprør, tålmodigt, længe.

Der lå et menneske mellem andre,
så helt alene, skjønt om ham mange.
Hvad her han søgte, han nesten glemte,
han blev den sidste de hundred gange.

Da kom i sabbathens stille timer,
hvor alting hviler til Skaberens ære,
en mand, der spurgte - et sælsomt spørgsmål ! -
en mand, der spurgte: Vil frisk du være?

«Jeg intet menneske har, jeg arme.
De hundred gange jeg kom for silde.
Jeg kender ingen, ej mand, ej kvinde,
som vil mig støtte til frelsens kilde».

Da lød blandt søjlerne skaber-ordet,
så i Bethseda fem buegange
den sabbathsstilhed blev gennemrystet,
som brudt af stjernenes morgensange.

«Har intet menneske du, min broder?
For dig et menneske jeg er blevet,
og i den himmel som er min Faders,
der er vi sammen ved navn indskrevet.

At du kan vide og aldrig glemme,
du er ej ene, - Nu fra dit leje
stå op til livet og bær din byrde.
Og gå så trøstigt ad egne veje.

Men husk: Et menneske skal du være.
Fra egne veje at kunne vige,
en broders ansigt ved mødet kende, -
- det er på Jorden min Faders rige».

(K.L. Aastrup)